



Lillian Vabø Mongstad  
Storhaugen 49  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3986 - 19/34950

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.11.2019

## Etterlyser søknad om ferdigattest for tilbygg til einebustad - gbnr 123/71 Risa

**Tiltak:** Tilbygg til einebustad og utviding av terrasse  
**Tiltakshavar:** Lillian Vabø Mongstad  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Lindås kommune viser til vedtak «Løyve til tiltak for oppføring av tilbygg og utviding av terrasse gbnr 123/71 Risa» datert 13.07.2012 og vedtak «Endring av løyve til tilbygg – gbnr 123/71 Risa» datert 27.11.2015, sjå vedlegg.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdigstilt ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest vi gjer merksam på at det i vedtak datert 27.11.2015 er sett vilkår om at det vert levert fotodokumentasjon av tiltaka ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder attende om det.

Søknadsplichtige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova §21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. *Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet utløpt og de må søkje om nytt løyve etter dagens regelverk.

**Frist for å søkje om ferdigattest eventuelt å melde attende om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.19.**

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdigstilt og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

blankett 5167 søknad om ferdigattest

Løyve til tiltak for oppføring av tilbygg og utviding av terrasse Gbnr 12371 Risa (L)(117770)

Endring av løyve til tilbygg - gbnr 123/71 Risa

**Kopi til:**

Lillian Vabø Mongstad                      Storhaugen 49      5955                      LINDÅS

**Mottakarar:**

Lillian Vabø Mongstad                      Storhaugen 49      5955                      LINDÅS